

Dramatisk nedgang, men Uskedalen toppar

20.11.2012



Kvinnherad Turlag sin fjelltrim er i år avvikla for 10. året med berre 55 deltararar. Det har vore ein dramatisk svikt i deltakinga ettersom 100 var med i fjar medan det tidlegare har vore ein gradvis nedgang.

Leiar Anne Kari Enes har ikkje nokon konkret forklaring på svikten ettersom fjelltrim generelt fengjer stadig fleire, men det må ha noko med sjølve opplegget å gjera og lovar ein justering av dette. I den samanhengen ber ho om gode råd. Men også i år er det Uskedalen som toppar statistikken, denne gongen med desse 10 deltararane:

Brit Hallaråker, Arne Hauge, Marit Hauge, Nelly Kjærland, Ingrid Kroka, Steinar Kroka, Tordis Myklebust, Nils Raudstein og Sidsel Stigum.

Opplegget er slik at ein kan velja mellom ein kort og ein lang tur fordelt på åtte område i heile kommunen, tilslaman 16 turar. For å få godkjent karakter må ein ha gått minst 5 turar på 5 ulike område.

I år har to gått alle turane - det er Johan Storhaug og Liv Kvandal.

Ulvanåso og Geitadalstind er 2 av turmåla.

Tordis Myklebust er ein av dei trufaste og over er ho på
Ulvanåso (Høgetind)

Tekst: Ola Matti Mathisen
Foto: Nelly Kjærland